

TIPPETUE

ARKITEKTER AS

Til Alver kommune

Saksnummer: 14/6930 (m.fl)

Gnr/ bnr. 212/132 m.fl.

Adresse: Torvhusmyrane

Tiltakshaver: ATR Eiendom AS

Gjelder: Oversikt status godkjende tiltak og rekkefølgekrav - vedlegg til søknader

Bergen, 16.02.2022

I forbindelse med diverse søknader til Alver kommune angående Eikanger Næringspark, gbnr 212/132 m.fl. følger her oversikt over status for godkjende tiltak og rekkefølgekrav.

Status godkjente tiltak

Teknisk infrastruktur og planering av delområde KBA1 og KBA2 er godkjend i etablert sak 14/6930.

I administrativt vedtak, saknr 031/18, er det gitt mellombels bruksløyve til følgende;

- Avkjøyrsløse til E39
- Delar av veg 1
- Felles VA-anlegg for området markert med grønt i kart datert 10.11.2017
- Planering av delar av KBA2

For illustrasjonsmateriale, sjå saksdokument.

Status rekkefølgekrav

1.4.1 Ved innsending av rammesøknad for kvart delfelt skal det føreliggje:

- VA-plan som skal godkjennast av kommunen.
- Massehandsamingsplan som skal godkjennast av kommunen. Massehandsamingsplanen skal vise skjeringar og fyllingar, samt eventuell deponering av masseoverskot.

VA-plan godkjend, sjå ovanfor, status godkjende tiltak.

Massehandsamingsplan innsendt saman med opprinneleg søknad om rammeløyve.

1.4.2 Før det vert sett i verk utbyggingstiltak i kvart delfelt skal avkjøyrsløse vere opparbeidd i tråd med krav frå vegmynde.

Avkjøyrsløse er opparbeid i henhold til krav frå vegmynde.

TIPPETUE

ARKITEKTER AS

1.4.3 Før det vert gitt midlertidig brukstillating for kvart delfelt skal følgjande vera gjennomført:

- Vegar i den enkelte utbyggingsetappe skal vera utbygde.
- Vatn- og avlaupsnett skal vera utbygd i samsvar med rammeplan for VA. Ferdigstilling skal tilpassast den enkelte utbyggingsetappe.
- Eventuelle sikringstiltak mot fallulukker ved bratte skjeringar skal vera utført.

Angående vegar så er dei i hovudsak ferdig utbygd for KBA2, og for mesteparten av KBA1 og deler av KBA3.

Angående vatn- og avlaupsnett så er dette utbygd i samsvar med rammeplan for VA i felt KBA2, mesteparten av KBA1 og deler av KBA3.

Det er per i dag ingen bratte skjeringar innanfor planområdet som krev sikringstiltak.

1.4.4 Minimum 70 % av areala i delfelt KBA1 og KBA2 skal byggjast ut før ein startar på delfelt KBA3 og KBA4. Det kan gjerast avvik i høve til arealkrevjande verksemder sjølv om utnyttingsgraden ikkje har nådd 70 %.

Unyttingsgraden i KBA2 er innanfor kravet om minimum 70% utbygging.

1.4.5 Kanalisert T-kryss med E39 og busslommer må vere opparbeidd før det vert gjeve brukstillating for nokon del av næringsområdet.

Kanalisert T-kryss med E39 og busslommer er opparbeidd.

1.4.6 Planfri kryssing mellom busslommene må vere ferdig før delområde KBA2 kan takast i bruk.

Det er etablert undergang under E39 for gåande og syklande som sikrar planfri kryssing mellom busslommene.

1.4.7 Delområda KBA1 og KBA2 kan byggast ut før gang- og sykkelvegen vert opparbeidd og teken i bruk.

Gang- og sykkelveg langsmed næringsområdet er opparbeidd og teken i bruk.

Ansvarlig søker

Tippetue Arkitekter AS
v/Mai Cecilie Stabell